

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 8. søndag i treeiningstida – 3. august 2014

Preiketekst: Matt 6, 19-24

Lesetekst I: 2 Mos 32,1-4.30-35

Lesetekst II: 1 Joh 2, 15-17

## Nærgående tekst for oss rike

### Til dagen

Denne søndagen er veldig nærgående – særleg for oss rike. Jesus brukar ordet «mammon» berre to gongar – her i Bergpreika, og i kapitlet om den rike mannen og Lasarus. Likevel har orda bora seg inn i oss, og ikkje utan grunn. La oss ikkje vike unna, men la oss utfordre også når Jesus ord blir særleg radikalt i møte med liva våre. Personleg syns eg teksta om gullkalven frå 2 Mos ikkje er veldig matchande til hovudsaka i evangelieteksta, så eg kjem til å la den ligge.

### Til teksta

Vi er midt i Bergpreika og akkurat i overgangen frå den meir konfronterande halvdelen – der Jesus utfordrar farisearane og dei skriftlærde med å endre forståinga av lova, til den meir visdomsprega halvdelen. Andre del av Bergpreika har ein del enkeltutsegner som kan minne om den jødiske vidsomstradisjonen. Lukas har fordelt dagens tekst til tre ulike plassar i sitt evangelium. Dei tre utsegene hos Matteus er tettare knytt til det lange avsnittet som følgjer vår tekst, der Jesus kallar disiplane frå eit liv i bekymring til eit liv i tillit.

Teksta vår har tre bolkar, der vi umiddelbart ser at den første og tredje – om skattejakt og mammon - passar godt saman, mens vi må kjempe litt meir med å forstå budskapet om auget midt i dette. Først adresserer Jesus hjartet vårt og utfordrar oss på kva verdiar vi bygger opp. Så adresserer han auga våre og utfordrar oss på å leve i lyset med liva våre. Til slutt adresserer han heile livet vårt og utfordrar oss på kven vi høyrer til.

### Sikker investering

Spørsmål ein er altså kvar vi har hjartet vårt, vers 19-21. Kva skattar vi høgast? Det gjeld å satse på det varige. Der finns attraktiv rikdom som skin for ei svært avgrensa tid. Det vi omgjev oss med, er forgjengeleg og vil bli spist opp av tærande krefter. «Makken» som Jesus talar om, «bråsis» på gresk, betyr eigentleg «eting». Vi har all eigedommen vår under risiko av å tape den. Og dess meir vi har, dess meir vil nokon vere ute etter det. Slik er

menneskehjartet. Derfor er det rein og skjær alminneleg visdom å investere sikrare. Usikker investering gir auka bekymring, jamfør tema frå v.25. Dersom vi investerer i evige skattar, overlet vi garantiar og forsikring til han som rår evig. Slik set vi hjartet fri frå bekymring og til å tene Gud og medmenneska våre.

Jesus følgjer direkte opp dette i den siste bodskapen: Ingen kan tene både Gud og Mammon, vers 24. Ingenting kan avsløre så tydeleg kvar hjartet vårt er, som forholdet vårt til materiell rikdom. Mammon, som er ein direkte bruk av det arameiske ordet «mamona», er eit ord for den ytre rikdommen som vi kan ha. Jesus brukar sterke ord som «elske» og «hate» for å få fram kontrasten. Mammon er ei åndeleg makt som krev å få eige oss. Den som eig mykje, står i fare for å bli eigd og kontrollert av eigedommen sin. Derfor utfordrar Jesus oss på kven vi høyrer til – og kva konsekvensar det må få i liva våre i forholdet til pengar og velstand.

### **Lys frå auga**

Inn mellom desse to utsegnene om materialismens makt, skyt så evangelisten ei utsegn frå Jesus om å gi kroppen lys frå auget, vers 22f. Forestillinga er at eit friskt auge gir oss klar sikt og evne til å sjå og skjønne i kvardagen. I dette ligg det også ei overføring til heile livet: Det vi ser – eller det vi har syn for – gir oss retning. Livskursen vår blir bestemt av kvar blikket er fiksert. Bedrifter og organisasjonar - også Israelsmisjonen - treng visjonar, eit større bilde som vi ser for oss og som vi styrer mot.

Jesus brukar tvetydige ord her – bevisst, må vi tru. Eit «klart» auge kan omsettast både «friskt» og «reint», og eit «sjukt» auge kan også omsettast med eit «vondt» auge. Kanskje leier det siste oss i retning av misunninga, slik vi les om Kain. Det knyter veldig naturleg til spørsmålet om rikdommen fare. Her høyrer også teksta frå 1 Joh 2 heime når apostelen åtvarar mot å elske verda og hennar lyst. Lystene – og det dei lystar - skal gå til grunne. Berre det som samsvarar med Guds vilje, skal bli verande evig.

### **Til preika**

Utfordringane for forkynnaren er fleire. Preika må ikkje tape krafta i Jesu ord og må derfor vere rimeleg utfordrande. For dei fleste av oss betyr at det at den først må utfordre predikanten. Vi må makte balansen mellom å forkynne radikalt og uavkorta frå Guds ord, samtidig som vi forkynner med audmjuk sjølvverkjenning. Eit anna aspekt er kor konkrete vi skal vere i omtalen av jordiske skattar, rikdom, mammon og augets lyst. Vi må ikkje falle i ei grøft der vi blir huska for fordømming av veldig konkrete forbruksmønster. Jesu sentrale poeng er kvar hjarta våre har skatten sin, kvar auga våre har lysta si, kva visjon vi styrer liva våre etter og kven liva våre høyrer til.

Som historia sin rikaste nasjon må vi våge å forkynne med noko av den radikaliteten som Jesu gjorde. Samtidig er det ikkje grunn til å ta oppgjær med sjølve det å eige. Hjartet blir avslørt av korleis vi eig og korleis vi forvaltar. Det er fullt mulig å bruke pengane, som det knyter seg så mykje urett til, til å elske nesten vår og til å skaffe oss venner som tar i mot oss i dei evige boligane, slik Jesus seier i Luk 16.

## **Skattar i himmelen**

Derfor er det viktig ikkje berre å avsløre dei delte hjarta, men også å gi liva våre retning av heilskap. Motstykket til ikkje å samle skattar på jorda er å samle skattar i Himmelen. Kjernen i det er å vinne menneske for det evige livet, altså misjon. Når vi blir løyst frå å søke denne verda si lyst og set Guds rike først, slår hjartet vårt etterkvart i Guds rytme, han som vil at alle skal blir frelst og lære sanninga å kjenne (1 Tim 2). Dette er avgjerande for at alle kristne skal ta del i misjon, enten det er kvardagens indremisjon, misjon til det jødiske folket eller misjon til folkeslaga. Bruk forkynninga om å samle skattar til frimodig misjonsforkynning.

Likeeins om lyset frå auga. La folk utfordrast på kva som er visjonen i liva deira. Du kan jamvel prøve å teikne litt av det større bildet, slik Gud ser det, og lokke folk inn i noko som er større enn kvardagens bekymring, forsikring – og misunning.

Til sjuande og sist handlar det om kven vi høyrer til. Trua på Jesus kan ikkje skiljast frå etterfølginga av Jesus. Dersom Jesus er frelsaren vår, er han også den rettmessige Herren vår. Der går ein veg frå gjenfødninga til å leve ut det nye livet. Der er ei direkte linje mellom å vere dyrt kjøpt og å vere eigd. Vi lever ikkje lengre for oss sjølve, men for han som døydde og stod opp for oss. Jorda og alt som fyller henne, høyrer Herren til. Skal vi vere teikn på riket som kjem, må det få konsekvensar, slik at alt vi eig, ikkje berre tienden, blir innvigd til Herren for tid og æve.

### **Rolf Kjøde**

Cand. Theol. Ordinert prest. Fram til våren 2014 generalsekretær i Normisjon.

[kjoede@online.no](mailto:kjoede@online.no)